



SKULEGUIDEN 2021-22







## REDAKSJONEN

INT: Festsalen

Tema for årets skuleguide er FILM. 389 elevar har svart på "Krydder til Skuleguiden", og resultatet frå denne undersøkinga viser att i årets utgåve.

Med Covid-19 som bakteppe har det vore eit spesielt utfordrande prosjekt. Men redaksjonen har stått på for å skape ei ny og frisk utgåve av den tradisjonsrike "blekka", med nytt og spennande design og vinkling på innhaldet.

### MARIELLE:

Filmverda har vore eit kjekt tema å leike seg med designmessig.

Alt du ser i denne skulekatalogen er laga av 3MK1 og 2MK1, både foto, design og tekstar.

### AGATE:

Det har vore veldig kjekt å fotografere og møte så mange fine elevar, men også å ta nye bilete av lærarane - som alle er eitt år vakrare enn i fjor :)

Dei tilsette på Volda vgs har både humor og sjølvironi, så me har fått lov til å "photoshoppe" dei inn i rolla til kjende karakterar frå filmuniverset.

Greier du å sjå kva filmar dei resresenterer? Bakerst i guiden finn du ein filmkviss der du mellom anna får spørsmål om dette. Her finn du også eit praktisk kart over Volda og ei oversikt over sentrale hendingar i 2021.

Me håper SKULEGUIDEN 2021-22 fell i smak, og at de vil nytte den både som eit praktisk oppslagsverk i skulekvardagen - og som ei minnebok de kan leite fram att i framtida, for å minne attende til tida på Volda vgs.

Enjoy!

Mvh 3MK1 og 2MK1





## REKTOR

INT: Rektor sitt kontor

TROND:

Kva er favorittfilmen min? Det er litt vanskeleg å svare på sparket.

Då rektor vart spurt om kva favorittfilmen hans er, visste han ikkje kva han skulle svare utan å tenkje seg godt om. Han enda opp med å svare "E.T." - den såg han då han var på same alder som de som startar på vidaregåande. Favorittsjangeren til Trond er derimot dokumentarfilm.

TROND:

Å sitje i stova på sofaen og sjå film utan distraksjoner av noko slag er noko av det beste eg veit. Tidlegare las eg mykje, men film har teke over i stor grad.

Når Trond ser på film vil han ha med seg heile handlinga i filmen. Dersom han vert svolten og vil lage seg noko mat, så set han filmen på pause for å ikkje gå glipp av noko. Han likar kinoformatet spesielt godt. Det store lerretet dreg deg inn i filmopplevinga og ein har alt fokus på filmen.

Eg vil takke M<sub>K</sub>-linja som år etter år krummar nakken og går på dette store prosjektet som skuleguiden representerer. Skuleguiden er eit veldig viktig oppslagsverk som blir brukt av både elevar og tilsette. Den blir vidare brukt for å representere skulen vår, og blir vist fram til potensielle nye elevar som skal søkje hit til neste år.

I år vil eg takke både 2M<sub>K</sub> og 3M<sub>K</sub> som har samarbeidd om å gjennomføre dette prosjektet. Eg har fått sett litt på kortleis den såg ut før den var ferdig og må seie at eg er meget imponert over innsatsen. Årets filmkonsept ser ut som eit veldig gøy tema som eg trur alle på skulen kan kjenne seg att i.



*Visjonen vår er  
"mot høgere mål" .*

*Skulen vår skal  
først og fremst  
vere kjenneteikna  
av læringslyst,  
innsats og  
inkludering*



## ELEVRÅDSLEIAREN

INT: Vrimlearealet

MIGLE:

Oi, eh - ej veit faktisk ikkje. Ej e veldig glad i monge filma, so det e veldig vanskelig å velge en film ...

Migle visste ikkje kva ho skulle svare då spørsmålet om favorittfilm kom opp. Ho enda likevel opp med å svare "The Proposal".

MIGLE:

Ej forbinde veldig masse med film egentlig. Ej trur film e nåke (ein situasjon, red. anmn.) der du kan sette tankane dine til side.

Migle likar godt å sjå på film. Ho ser gjerne film åleine rett etter skule, eller har filmkveldar med familie eller vener. Ho likar å setje seg godt inn i filmar og bli med inn i filmverda saman med karakterane som ein "sideviewer". Det viktigaste med filmsjåing er å få ei god kjensle ut av filmen, å skape ei betre kjensle inni seg sjølv, meiner elevrådsleiaren.

Eg gjekk inn i elevrådet med ei innstilling om å gi plass til alle på Volda vidaregåande skule, uansett kvar du kjem frå, kva hårfarge du har eller kven du er.

Eg vil at alle skal kjenne seg trygge, at elevrådet bidreg til å skape tryggleik på skulen. Om noko er gale så skal du ikkje bære på det, men heller komme til oss. Vi vil freiste å hjelpe elevane så godt som vi kan, og vi skal vere ei støtte for elevane.

Eg tykkjer skuleguiden er ein veldig bra måte å vise fram elevane på. Det beste med skuleguiden er at det er vår eiga medielinje som lagar den (ikkje eit innleigd firma utanfrå, red. anm.).





PROD. SKULEGUIDEN

ROLL	SCENE	TAKE
	MIGLE (Wonder Woman)	

DIRECTOR MK

CAMERA

Date 21-22

Day Nite Int: Mos

Filter Sync



## LEIINGA

INT: Administrasjonsfløya, forbi skulekontoret

**Kristin** er avdelingsleiar for kroppsøving og tilrettelagt klasse (TPO).

KRISTIN:

The Greatest Showman er min favorittfilm, elles likar eg godt både drama, musikal og biografar.

**Jan Terje** er assisterande rektor på skulen, og avdelingsleiar for KDA, MK og MU.

JAN TERJE:

Det er vanskeleg å nemne berre éin favorittfilm, men det må bli "Dagen er din". Actionthriller er favorittsjangeren, men eg er eigentleg altetande.

**Olav** er avdelingsleiar for realfag og har ansvar for helse, miljø og tryggleik. Etter litt tenking kjem Olav fram til at han likar godt filmen "Blues Brothers".

OLAV:

Eg er glad i actionkomedier, sjølv om det kan variere litt.

LSBET er avdelingsleiar for ST og språk, og kan hjelpe deg med fagval.

Hennar favorittfilm er "Mamma Mia!" (og oppfølgeren), og ho ser helst romantiske filmar.

JØRUND er avdelingsleiar for norsk og samfunnsfag. Han er også ansvarleg for Operasjons Dagsverk, heildagsprøver, og er kontaktperson for russen.

Favorittfilmen hans er "Apocalypse Now", medan favorittsjangeren er kunstfilm.





## SKULEKONTORET

INT: Ned trappa ved kantina og til høgre, ved sidan av biblioteket.

Ein elev leitar etter busskort. Han venter i kø bak andre elevar som treng hjelp frå skulekontoret. Dei spør spørsmål om stipend, får dokumentasjon på at dei er elevar ved skulen, og anna praktisk informasjon.

Du vert alltid møtt med eit smil frå Anne-Grete i resepsjonen:) Lenger bort i gangen sit også Eli og Gerd Sofie, like blide.

**ANNE-GRETE:**

Favorittfilmen min er "A Star Is Born", og favorittsjangeren er krim.

**ELI:**

Favorittsjangeren min er dokumentar, men favorittfilmen er "Notting Hill".

**GERD SOFIE:**

Min favoritt er "Dirty Dancing" og actionkrim.

Du kan også ringe 71 28 23 00 for å kontakte skulekontoret.

## IT-ANSVARLEG

Erling er IT-ansvarleg på skulen. Du finn han på rom 11B i 1. etasje i klasseromsfløya, like etter rådgjevarane sine kontor.

Om du har problem med å logge deg inn på gapps-kontoen, eller har andre teknologiske problem, så er IT-Erling klar for å hjelpe deg.

- Eg hjelper elevar og lærarar med innlogging, dataprogram og PCar som ikkje fungerer. Berre kom innom og snakk med meg, så vil anten eg løyse problemet, eller kontakte nokon andre som kan.

Favorittfilmane til Erling er Ringenes herre, Harry Potter og Star Wars. Favorittsjangrane er action, fantasy og sci-fi.





## RÅDGJEVARANE

INT: 1. etasje i klasseromsfløya, like etter vrimlearealet

Rådgjevarane sit på kvart sitt kontor i fyrste etasjen i klasseromsfløya. Her hjelper dei elevar med faglege, sosiale og personlege utfordringar knytt til skulekvardagen.

RANDI:

Treng du råd om utdanning og yrkesval?

KRISTIAN:

Vi er ei elevteneste for elevane og har eit tett samarbeid med heile skulesystemet.

RANDI:

Stikk innom når du føler for det, vi er her for å hjelpe!

Favorittfilmen til Randi er "Pulp Fiction" og favorittsjangeren er rom-com. Favorittfilmen til Kristian er "Saving Private Ryan", favorittsjangeren er krigsfilm.

RANDI:

Tlf. 712 82 314 / 414 11 202

E-post: randi.kalland@mr.fylke.no

KRISTIAN:

Tlf. 712 82 313 / 957 05 721

E-post: kristian.ingebriqsten@mr.fylke.no

Trefftider, nyttige lenker og anna informasjon finn du på:

volda.ugs.no > For deg som er elev >  
Elevtenester > Rådgjevingstenesta





## HELSETENESTA

INT: 1. etasje i klasseromsfløya, like etter vrimlearealet, ved sidan av rådgjevarane

Ein elev har hatt det vanskeleg på skulen i det siste og leitar etter gode råd og nokon å snakke med.

ANETTE:

Eg er helsesjukepleiar på skulen, så om du har helserelevante problem er det berre å komme innom, døra mi er open!

ANNE RAGNHILD:

Slit du på skulen? Då er eg og PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) her for å hjelpe! Om du har mentale vanskar eller slit fagleg kan du snakke med meg.

ISELIN:

Har du noko på hjartet kan du også kome til meg, ungdomsrettleiaren! Vi kan snakke om seksualitet, prevensjon, rusmiddel og andre ting som kan vere vanskeleg å prate om.


Helsetenesta minner om at dei har teieplikt. Alt som vert snakka om inne på kontora våre blir verande på kontoret.

Favorittfilmen til Anette er "Taken", Anne Ragnhild sin favoritt er "Gladiator" og favorittsjangeren er action/drama. Iselin sin favorittfilm er "Harry Potter".

Trefftider og kontaktinformasjon finn du på:

volda.vgs.no > For deg som er elev >  
Elevtenester > Helsetenesta







## KANTINA

INT: I vestibyeln på øvre bygg

Kantinedamene står i kantina fra 08:10-13:30 og sel mat som elevar kan kome og kjøpe gjennom dagen.

ELSE-MARIE:

Vi sel drikke som brus, juice og vatn, og varmmat som pizza, nachos, graut, koppnudlar og panini!

FRØYDIS:

Vi har også baguettar, frukt og pastasalat. Du kan bruke Vipps om du ikkje har kontantar eller kort!

## BIBLIOTEKET

INT: Ned trappa til høgre for kantina

Ein elev ser etter ei bok å lese og stikk innom biblioteket. Der finn hen spesialbibliotekar Heidi. Eleven er ikkje sikker på kva bok hen vil ha, så Heidi hjelper til.

HEIDI:

Eg kan også låne ut bøker du kan bruke til å lære, og du kan sitje i stillesona om du trenger litt fred og ro.

Favorittfilmen til Else-Marie er "Danser med ulver" medan Frøydis sin favoritt er "Den grønne mil".

Heidi sin favorittfilm er "Pinnsvinets eleganse".

Visste du forresten at biblioteket har eit rikhaldig utval av filmar du kan låne? Kanskje finn du favorittfilmene til dei tilsette her, om du er nyfiken på dei?

TIPS: På biblioteket kan du også låne DVDar av musikalane til skulen frå siste åra.

Du finn meir informasjon og nyttige lenker på:

[volda.uvs.no](http://volda.uvs.no) > For deg som er elev > Skulebibliotek





## REINHALDARANE

INT: Over alt rundt på skulen

Etter skuletid tek reinhaldarane seg av å vaske og klargjere skulen til neste skuledag. Ein ser dei også i aksjon med mopp og kost gjennom skuledagen.

MONIKA:

Det hadde vore fint om elevar og lærarar rydda litt meir opp etter seg.

Grete, Leonora, Monika og Carolina er nemleg **reinhaldarar**, ikkje ryddemannskap. Dei vert difor særst takksame når søppel vert kasta i (dei riktige, red. anm.) søppeldunkane.

## VAKTMEISTEREN (DRIFTSTEKNIKAREN)

INT: Vaktmeisterfløya - den store klossen ved foten av øvre bygg som er kjent som (motor)sykkelparkeringa

ODD-JOHAN:

Eg er her om du treng eit ekstra sett musklar, eller hjelp med andre praktiske problem, til dømes å få klipt opp hengelåsen om du har gløymt koden til låsen din.

Det lukkast ikkje redaksjonen å få tak i alle reinhaldarane, der dei går rundt og reingjer alle krikar og krokur på skulen. Men Monika sin favorittsjanger er i alle fall dokumentarfilm og romantikk/drama, medan Carolina sin favorittfilm er "Titanic".

Favorittsjangeren til Odd-Johan er teiknefilm og favorittfilmen er "Flåklypa Grand Prix".

HUGSEREGLARFORAVFALLSSORTERING:

- reint papir og papp i papirdunken
- rein plast i plastdunken
- urein plast og papir / papp = restavfall

Utover dette finst det behaldarar også for tomflasker og matavfall. Du kan også levere glas og metall, elektronisk avfall m.m. til vaktmeister eller skutekontoret.





**NOW SHOWING**  
**TILSETTE A-Å**







Luis  
Aguilar



Gunnar Sigve  
Aurdal



Siv Kristin  
Aurdal



Bjarne  
Austrheim



Karina Heggen  
Bahl



Øyvind Granden  
Berg



Yngvil  
Birkeland



Jorun Alfhild  
Bjørdal



Kjetil  
Bjørkedal



Åge André  
Breivik



Eva Ingeborg S.  
Brune



Cecilie Haugen  
Dale



Monika Siren  
Dalebø




Hildur Sandstad  
Dalen



Aase Norunn  
Digernes



Hilde Kristin H.  
Dypviken



Jan Terje  
Eidset



Preben Andre L.  
Eikrem



Kjetil Johan  
Eiksund



Ragnhild  
Engeset



Jørund  
Fet  
*leiar*



Iselin  
Foldal



Odd-Johan  
Fremmerlid



Kirsten Ragnhild  
Grimstad



Ståle  
Hansen



Eli Magnussen  
Hellebust



Stephan  
Hestholm



Trond  
Hjelseth



Marit Karoline  
Hjorthol



Heidi  
Holen



Kaisa Elin  
Holsvik



Randi  
Holsvik



Svanhild  
Holsvik



Martine Skår  
Humberset



Kristian Soma  
Ingebrigtsen



Randi  
Kalland



Leonora Taughan  
Kile



Anette  
Kleppsvik



Else-Marie Riise  
Klock



Håvard  
Krøvel-Velle



Lars Ørjan  
Kråkenes



Fredrik Malme  
Kvalsnes



Gerd Sofie  
Langvatn



Mette-Karin  
Leirvik



Anne-Grete  
Lid



Knut Einar  
Lillebø-Voll



Birte  
Lindblom



Ingrid Maria  
Løfall



Tove Nilsen  
Løset



Magne  
Maurset



Gunhild T.  
Moltubak



Carolina  
Molvik



Kristin  
Mørk



Lill-Johanne N.  
Mundal



May Charlotte  
Myklebust



Olav Sandanger  
Myklebust



Kåre  
Myrene



Liss Hege  
Mørch



Anders  
Nilsen



Ragnar Didrik  
Osdal



Dace Dizbite  
Ose



Lisbet  
Ose



Siv Heidi  
Osvoll



Ragnhild  
Oterholm





Ingviild  
Ringheim-Bakka



Rudina  
Robertson



Anne Ragnhild  
Roland



Anja Heggen  
Rotevatn



Even  
Rotevatn



Ingrid Aarflot  
Ryste



Hanna Stormyr  
Ræstad



Gunnhild Beathe  
Rønstad



Ingrid  
Salt



Marit Lid  
Skorstad



Rita  
Slotterøy



Erling Arve  
Standal



Hilde  
Steinnes



Merete Gretland  
Steinnes



Hanne  
Stokke



Magnar  
Sunde



Ingviild  
Svendsen



Kristin Bakke  
Sæterås



Grete Marta  
Sørheim



Torill Elise K.  
Tafjord



Eline Roksvåk  
Torkildsen



Olav  
Trandal



Margrete  
Trovåg



Grete Karin  
Urke



Ayne  
Vagizova



Stein Henrik  
Vartdal



Ingvil Häberg  
Velle



Frøydis  
Ville



Renata  
Vynikalova



Jorid  
Vårdal



Linn Janett D.  
Øye



Ann Helen  
Aakre

**NOW SHOWING**  
**KUNST, DESIGN OG ARKITEKTUR**







DEN  
HEMME  
LIGE  
HAGEN

**NOW SHOWING**  
**MEDIUM OG KOMMUNIKASJON**

**HIGH  
FIVE!**





NEW LINE PLATINUM SERIES

# DUMB AND DUMBER



**UNRATED**  
MORE DUMBER THAN EVUR!





KONTAKTLÆRAR: J. Vårdal (454 71 109) / BASEROM: R6





Jenny Warholm  
Engh  
*Spider-Man: Into the  
Spider-Verse*



Caleb Per  
Harman  
*The Shining*



Maciej  
Jaskiewicz  
*The End of Evangelion*



Amanda Langlo  
Moe  
*The Grand Budapest  
Hotel*



Jonas Stinessen  
Osborg  
*Jurassic Park Original*



Isak André  
Rønning-Aarsæther  
*Zack Snyder's Justice  
League*



Magnus Hjellen  
Vestad  
*Avengers: Endgame*





KONTAKTLÆRER: H. Krøvel-Velle (959 67 296) / BASEROM: R1





Ine  
Brandal  
*Pitch Perfect*



Sigurd H.  
Halkjelsvik  
*Child's Play*



Ole Kristian R.  
Hjelle  
*Fast and Furious*



Agate  
Kvalsund  
*Jumanji*



Adrian Molnes  
Moe  
*Kung Fu Panda*



Tuva  
Mårstøl  
*n/a*



Daniella C.  
Ogbazi  
*Get Out*



Marielle Liadal  
Ortiz  
*Halloween Kills*



Jens Følsvik  
Osdal  
*Spirited Away*



Mark Villem  
Raidma  
*Once Upon a Time In  
Hollywood*



Vegard Thorheim  
Skarmyr  
*n/a*



Andrea  
Støyle  
*n/a*



**NOW SHOWING**  
**MUSIKK, DANS OG DRAMA**






# MAMMA MIA!



**NOW SHOWING**  
**STUDIESPESIALISERING**







# VEL TRIVSEL OG KVALITET!

Vi tilbyr opplæring i klassene AM146, T, B, B automat, BE og B96. Hå oss kan du også ta trafikalt grunnkurs og mørkekøyringskurs. I tillegg tilbyr vi kurset du treng for å kunne køyre 50 km-traktor. **Vi tilbyr køyretimar i heile distriktet:** Ørsta, Volda, Fosnavåg, Ulsteinvik og Hareid. Tek du førarkortet hå oss gir vi deg gode rabattar. Sjekk våre pakkar på [www.bondhustrafikkskule.no](http://www.bondhustrafikkskule.no), ring oss på 700 68 282 eller send oss ein e-post til [bondhus.trafikk@gmail.com](mailto:bondhus.trafikk@gmail.com).

**BONDHUS**  
**TRAFIKKSKULE**





**BONDHUS**  
TRAFIKKSKULE

**SKAL DU TA FØRARKORT? START  
TIDLEG OG FÅ MINIMALT MED FRÅVÆR!**

**MOE**  **TRAFIKKSKULE**

Etb. 1950

Tlf: 70 06 63 93

[www.moetrafikkskule.no](http://www.moetrafikkskule.no)



**MØE** TRAFIKKSKULE  
Telefon 70 06 63 93  
www.moetraffikkule.no



UN 38138



**MØE**  
TRAFIKKSKULE  
www.moetraffikkule.no Tlf: 70 06 63 93

*Gjer som vår landslagskeeper Ørjan  
- ta førarkortet hjå oss!*

- Teorikurs
- Trafikalt grunnkurs
- Mørkekøyringskurs

- Oppfriskingskurs 65+
- Praktisk opplæring  
B-M-A-A1-A2-BE

 **Rotevatn  
Trafikkskole**

*Snippa 3 - 6100 Volda - 70079500 - rotevatntrafikkskole.no*












1. I filmen "The Matrix", tek Neo den blå eller røde pilla?
2. Kva er yndlingsfilmen til rektor?
3. Kor vart Ringenes Herre-filmene spelt inn?
4. Kva år kom den originale "Charlie og sjokoladefabrikken"?
5. Kven skal spele Willy Wonka i den nye "Charlie og sjokoladefabrikken"?
6. Kva film skal rådgjevarane forestille?
7. Kva Netflix-serie vart veldig populær i byrjinga av oktober?
8. Kven regisserte Børning-filmene?
9. Kva er Wonder Woman sitt ekte namn?
10. Kva heiter bilen som Scooby Doo-gjengen køyrer?
11. Kva heiter venane til Draco Malfoy?
12. Kva heiter hotellet som Torrance-familien kjem fram til i "The Shining"?
13. Når blei den første Ghostbusters-filmen utgitt?
14. Kor gjekk handlinga i Ratatouille førre seg?
15. Kva er ruta Dorothy og venane hennar må ta for å komme til Emerald City?
16. Kven skreiv boka som filmen "Charlie og sjokoladefabrikken" er basert på?
17. Kven spelte Neo i "The Matrix"?
18. Kva berømt skodespelar er kjend for replikken "I'll be back"?
19. Kva heitte Simba sin far i "Løvenes Konge"?
20. Kva var den fyrste Marvel-filmen der alle seks Avengers var med?
21. Kva heiter den siste filmen i Harry Potter-serien?
22. Kva klassisk film frå 1976 blei spelt inn på berre 28 dagar?



1. Den røde pilla
2. E.T.
3. New Zealand
4. 1971
5. Timothee Chalamet
6. The Shining
7. Squid Game
8. Harvard Brain
9. Diana, Prinsessa av Aragon
10. The Mystery Machine
11. Vincent Krabbé og Gryllus Gærger
12. The Overlook
13. 1984
14. Paris
15. Den gule murregen (Yellow Brick Road)
16. Roald Dahl
17. Keanu Reeves
18. Arnold Schwarzenegger
19. Mufasa
20. The Avengers
21. Harry Potter And The Deathly Hallows Part 2
22. Rocky

# Volda sentrum





1. Volda vidaregåande skule
2. Volda samfunnshus (m/kino)
3. Spinneriet/Rokken
4. Høgskulen i Volda
5. Volda Campus Arena
7. Volda stadion
8. Arneset

# Copyright notes

"Darth Vader | Jedi: Fallen Order" (<https://skfb.ly/6xE9Q>) av JustAndy er lisensiert under CC Attribution-NonCommercial-NoDerivs (<http://creativecommons.org/licenses/by-nc-nd/4.0/>).

Andre bilete er (stort sett) henta frå "royalty free" nettsider som [www.storyblocks.com](http://www.storyblocks.com) og [www.pixabay.com](http://www.pixabay.com).

Marvel-kollasj laga av Isak André Rønning-Aarsæther (2MK1).





**DUKSJONSPLAN**

N	ÅRSTAL
Vol... äregående skule	2021-22
ARBESDSTI	
Skuleguiden	

OPPTAK	LOCATION	MEDVERKANDE	REKVISITTAR
Redaksjonen	Festsalen	SMK1 og SMK2	Papirer, 3D-kriller, magalen
Ebrendtliansen	Vindkarsakt	Maja	Pid
Rektor	Rektor ved Lunde		

Volda vidaregåande skule

ADRESSE

Vevendelvegen 35, 6100 Volda

KONTAKT

71 28 23 00 / [volda.vgs@mrfylke.no](mailto:volda.vgs@mrfylke.no) / [volda.vgs.no](http://volda.vgs.no)

REGI

Medium og kommunikasjon

TRYKK

Aarflot Media